
Saksnr: 2020/242-32
Saksbehandlar Kari Skibenes
Dato: 18.10.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering

Sluttrapport for Kjelda-prosjektet - formidling av digital kunnskap

Hordaland fylkeskommune fekk tildelt kr 300 000 frå Nasjonalbiblioteket både i 2017 og 2018 til prosjektet Kjelda. Prosjektperioden vart forlenga ut første halvår 2021.

Kunnskap og opplysning på nett konkurrerer med falske nyhende og propaganda. Gode digitale folkebibliotek som opplyser og har rom for å utfordre meiningar, kan fungerer som viktige motkrefter og uavhengige rom for samtale.

Kjelda-prosjektet har gitt høve til å profesjonalisere arbeidet med nettstadar på fylkesnivå og utvikle bibliotektilsette sin digitale formidlingskompetanse. Dette arbeidet vert vidareført på ulike måtar etter prosjektperioden.

Kjelda-prosjektet kan vere grunnlag for digitale utviklingsprosjekt og samarbeid med andre, både regionalt og nasjonalt.

Nasjonalbiblioteket har gitt løyve til at restmidlane i prosjektet kan nyttast til ei oppgradering av nettstaden [Forfattarar frå Sogn og Fjordane](#) som vart utvikla i samarbeidsprosjektet «Lettare litteraturnett» mellom Sogn og Fjordane fylkesbibliotek og Nordland fylkesbibliotek i perioden 2014-2016. Også dette prosjektet var støtta av Nasjonalbiblioteket.

Vedlegg

1 Kjelda - formidling av digital kunnskap 2017-2021